



Arkiv nr:

Sak nr 25/2017

Møtedato: 8.11.17

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Søknad om tilskot – bok om stølane i Vestre Slidre

Forlaget «Då måta» ved Frode Rolandsgard søker om kr 20.000 i støtte til eit bokprosjekt om stølane i Vestre Slidre.

Frå søknaden:

Forlaget Då måta søker med dette om økonomisk støtte til å gje ut ei praktbok om stølane i Vestre Slidre. Bokutgjevinga blir den fjerde frå forlaget.

Ei liknande bok om stølslivet vart gjeven ut i Hemsedal for nokre år sidan. Stølar og stølsliv i Hemsedal var først og fremst ein dokumentasjon av stølslivet i gamal tid, medan vi også ønskjer å få med meir om moderne stølsliv. Vi har take utgangspunkt i dei ulike stølslaga og bildelegg boka med både eldre foto og bilde frå nyare tid. Kvar støslag får ein kortfatta og faktaprega presentasjon med historikk og opplysningar om talet på stølar, stølar i drift, kart osv. I tillegg vil vi ha med nokre faktakapittel om t.d. byggjeskikk, stølsdrifta i historisk tid og stølsdrifta og utmarka sin viktige posisjon i Valdres.

Vestre Slidre statsallmenning og kvifor det vart statsallmenning og ikkje privat grunn i Vestre Slidre har også fått god plass.

I tillegg ynskjer vi å finne fram til historier frå både gammal og ny tid; det kan handle om markerte personlegdomar som har halde til på stølane, historiske hendingar og anekdotar knytt til drifta av stølane. Innsamlingane til Knut Hermundstad frå 20-30-talet er ei viktig kjelde, ved sidan av arkivmateriale i Riksarkivet, folkeminnebøker frå Vestre Slidre m.v.

Det er langstølane som vil få særleg fokus i denne boka, men vi vil også ha med ein kort presentasjon av heimstølane i kommunen.

På fotosida har vi mellom anna henta frå det store fotoarkivet til Vestre Slidre historielag og samla inn ein god del sjølve og elles samarbeider vi med lokale fotografar vi veit har mange nyare bilde frå området, slik som Svein Erik Ski og Hanne Lykkja. Anne Marte Før vart engasjert i sommar til å ta nye foto og vi har også kjøpt ein del foto frå Jarle I. Kvam.

For å få til eit slikt omfattande prosjekt, må ein ha gode kjelder og samarbeidspartnarar. Vi har kontakta ressurspersonar i dei ulike stølslaga for å få hjelp med å finne fram og å kontrollere stoffet.

Boka har blitt til i eit i samarbeid mellom Gunnar Hauge og Frode Rolandsgard.

Ei praktbok om stølane i Vestre Slidre vil utan tvil bli teken godt i mot av stølseigarar og hyttefolk i kommunen, og vil vera med å profilere kommunen som ein av dei største stølskommunene i landet. Vi meiner også at boka vil passe særst bra inn i arbeidet med Valdres Natur- og kulturpark ved fokuset nettopp på menneskeleg aktivitet i utmarka.

Om Då måta da

Eigarane driv gard i Lomen og har støl i Kvitehaugen, i tillegg til vårstøl på heimsida av åsen og hauststøl i Hausglie ned mot Hyggjande. Stølen i Kvitehaugen blir i dag nytta til ammekyr på utmarksbeite.

Gunnar Hauge har årelang erfaring som gardbrukar og historieinteressert, og står for hovuddelen av boka. Frode Rolandsgard har hovudfag i etnologi (kulturhistorie) og arbeider i dag med eige plateselskap (ta:lik) ved sidan av gardsdrifta.

Forlaget har distribusjonsavtale med Forlagssentralen, noko som gjer at bokhandlarar over heile landet kan få tak i bøkene våre.

Vi søker Vestre Slidre fjellstyre om 20 000 i støtte til utgjevinga.

Fjellstyret har tidlegare behandla tilsvarende søknad i 2008 om tilskot på kr 20.000 og fjellstyret gjorde fylgjande vedtak i sak 4/2008: *Fjellstyret gir eit tilskot på kr 10.000 til prosjektet. I tillegg vil fjellstyret kjøpe 30 bøker á kr 300.* Bokprosjekt kom den gong ikkje i gang og tilskot var derfor trekt tilbake.

I 2008 hadde fjellstyret ein sterkare økonomi enn i dag og det vart tildelt meir i tilskot enn ein gjer i dag. Tiltaket er viktig for å dokumentere stølsdrifta og utvikling gamal tid til i dag. Med bakgrunn i at ein tidlegare har gjeve tilsegn om tilskot bør fjellstyret gi eit tilskot på same vilkår som i 2008.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 10.000 til prosjektet. I tillegg vil fjellstyret kjøpe 30 bøker á kr 300. Tilskot blir trekt tilbake om det ikkje er nytta innan 3 år.


Vedtak:

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 10.000 til prosjektet. I tillegg vil fjellstyret kjøpe 30 bøker á kr 300. Tilskot blir trekt tilbake om det ikkje er nytta innan 3 år.

Vedtaket er samrøystes.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 9.11.17



Harald Ranum

Utskrift: Frode Rolandsgard
Statskog